

Å samla ungdommar med ulik kulturell bakgrunn for å oppnå større forståing mellom folk frå land med ulike styresett er målsettinga for den internasjonale Lions-leiren som avviklast i tre veker på Bømlo, Stord og i Kvinnherad denne sommaren.



Gerhard Eide: - Vi har store forventningar til leiren for ungdommar frå heile verda. (Foto: innsida.no)

Ungdommane skal den første veka bu på Bømlo, Stord, Halsnøy og i Uskedalen. Dei er 27 i talet, kjem frå heile verda og er frå 18 til 20 år gamle.

Leiar i arrangementskomiteen Gerhard Eide opplyser til innsida.no at organiserte aktiviteter den første veka kjem til å gå føre seg på Bømlo og Stord, men uskedalen.no erfarer at det også kan bli eit opplegg i Uskedalen hvis det klaffar slik.

- Det er svært viktig at dei unge får rikeleg høve til å gjera seg kjende med vertskapet, som kan gje svar på mange spørsmål som dei sit inne med, seier Eide.

Andre veka skal deltakarane innkvarterast i speidarhuset på Sæbøvik og då er besøk på SØRAL, Husnes, Baroniet og i steinparken i Rosendal på programmet. Båttur rundt Halsnøy med fiske, eit opplegg om livet i strandkanten og fotballkamp er også planlagd.

Den siste leirveka vil ungdommane få oppleve norsk høgfjell – då skal heile gjengen til Hardangervidda og med Lions si hytte på Tråastølen som base.

Av Ola Matti Mathisen